



Olje- og energidepartementet  
Postboks 8148 Dep  
0033 OSLO

heidi.lundberg@oed.dep.no  
tollef.taksdal@oed.dep.no

Dykkar ref.:      Vår ref.: 05/138-100      Arkivkode: K2-S01      Dato: 23.02.2011

## 420 kV kraftline Simadal - Samnanger - Høyringsuttale til rapportane frå sjøkabelutgreiinga

### Sak 008/11 i Granvin heradsstyre: 420 kV kraftlina Sima - Samnanger gjennom Hardanger

23.02.2011 Heradsstyre

#### HS-008/11 VEDTAK:

#### Granvin heradsstyre gjorde slikt samrøystes vedtak:

- I      Granvin herad sluttar seg til Hardangerrådet si oppsummering i 4 punkt med unntak av punkt 4 b.  
Dei avbøtande midlane må fordelast etter antal meter linje på dei berørte kommunane.
1. Hardangerrådet oppmodar dei 4 kraftlinekommunane/herada i Hardanger å gje uttale til sjøkabelutvala sine rapportar med fokus på dei momenta som støttar ei framtidig løysing med sjøkabel. Hardangerrådet oppmodar desse 4 å stå fast ved at sjøkabel framleis er Hardanger sitt primære standpunkt. Jamfør vedtak i Kvam formannskap 08.02.2011. På den måten vil det vera konsistens i saka frå Hardanger og dei 3 mest sentrale luftlineherada vert støtta i sine standpunkt.
  2. Hardangerrådet oppmodar dei 3 kommunane/herada som ikkje vil få line eller sjøkabelanlegg innan sine grenser å velja å støtta luftlinetrasekommunane sine krav om sjøkabel som primærstandpunkt for å visa solidaritet i regionen med grunngjeving av at me treng støtte frå kvarandre i viktige saker og det er kvar sin tur. Ein splitta region i denne profilerte saka kan svekka Hardanger og Hardangerrådet sin legitimitet som felles uttalepartnar i regionen.



Postadresse:  
Postboks 13  
5733 Granvin

Internettside:  
[www.granvin.kommune.no](http://www.granvin.kommune.no)

Telefon:  
56 52 40 00

Org.nr.:  
844162502

Telefaks:  
56 52 40 01

Bankontnr.:  
6501 05 67305

E-post:  
[postmottak@granvin.kommune.no](mailto:postmottak@granvin.kommune.no)

Postgirokontnr.:  
0803 5786504

3. Hardangerrådet gjer vedtak om å stå fast ved at sjøkabel er det primære standpunktet for kraftframføringa Sima - Samnanger i Hardanger med grunnlag i at 3 konklusjonar frå ekspertutvala:
  - Sjøkabel er teknisk og økonomisk realiserbart om det vil ta lengre tid.
  - Sjøkabel påverkar ikkje grunnlaget til å kopla på småkraft frå Hardanger.
  - Luftline kan utsetjast sidan det er mogeleg å sikra forsyningstryggleiken i Bergensområdet.
4. Hardangerrådet opprettheld vedtaket av 18.08.2010 om forventningar dersom OED likevel opprettheld konsesjonen for luftline:
  - a. Berørte kommunar vert tekne med på råd i val av linetrasear slik at ulempa for innbyggjarane i Hardanger vert minst mogeleg.
  - b. Dei konsesjonsbestemte midlane til avbøtande tiltak vert disponerte i nært samarbeid med Hardangerrådet.
  - c. Hardangerrådet forventar at Storting og Regjering går i dialog med Hardangerrådet med tanke på kompenserte tiltak som tillegg til dei avbøtande tiltaka. Når Hardanger sine naturgevrne verdiar vert forringa til fordel for Den norske stat sine overordna behov, så må innbyggjarane i Hardanger få dette kompensert med betre vilkår for regional utvikling. Hardangerrådet vil peika på ekstra midlar til samferdsel og rassikre vegar som eit av slike.

**II** Granvin herad vil i tillegg uttala til saka:

### **Høyringsuttale til rapportar om sjøkabelalternativ for ny 420 KW kraftlinje Simadal - Samnanger, vedteke i heradsstyret 23. februar 2011.**

Granvin herad er nøgd med at regjeringa engasjerte fire ekspertutval for grundige utgreiingar om sjøkabelalternativet for kraftframføring frå Simadal til Samnanger.

Heradet merkar seg at rapportane framhevar at straumsituasjonen til bergensregionen ikkje vert kritisk dei næraste åra, om den alt planlagde utvidinga av linekapasiteten til regionen vert realisert. *Det er såleis ikkje noko sjølvstendig argument imot sjøkabel i Hardangerfjorden at denne vil vere i drift først i 2018.*

Heradet meiner at rapportane styrkjer sjøkabelalternativet som det beste alternativet, og at rapportane viser følgjande:

- Sjøkabel gjev like akseptabel forsyningstryggleik som luftspenn
- Sima – Samnanger vil ikkje aleine påverke forsyninga for Bergensområdet
- Hovudgrunngevinga for konsesjonen som er gitt for luftspenn, forsyningstryggleiken til Bergen, er feil

Heradet krev difor at olje- og energiministeren pålegg Statnett å konsesjonsøke sjøkabelalternativet på strekninga Sima – Samnanger. Ein konsesjonsprosess for sjøkabelalternativet vil involvere kommunar og lokalsamfunn i dei tekniske og praktiske vurderingane som då må gjerast.

Vidare oppmodar heradet regjeringa til å utarbeide ei tenleg og rettvis finansieringsordning av dette og liknande linjestrekk. I denne samanhengen er det verdt å minne om at vasskrafta er ein unik nasjonal og internasjonal ressurs, med veksande kommersiell verdi. Nye overføringssystem vil kunne skape store meirverdiar for nasjonen. Slik sett vil ny overføringskapasitet til Hardanger vere ei investering med stort framtidig innteningspotensiale.

---

Postadresse:	Telefon:	Telefax:	Org.nr.:	Bankkontonr.:	Postgirokontonr.:
Postboks 40	56 52 40 00	56 52 40 01	844162502	6501 05 67305	0803 5786504
5733 GRANVIN					
e-post: postmottak@granvin.kommune.no					

Granvin herad viser til utvalsrapportane sine konklusjonar om kompenserande tiltak i Bergensregionen, og oppmodar departementet om mellom anna å få ei snarleg løysing for linja Modalen - Mongstad – Kollsnes, i tråd med dei råka lokalsamfunna sine ynskje.

Utval III konkluderer slik:

”Dersom linjen Modalen-Mongstad-Kollsnes er på plass innan 2016 og Energiverket på Mongstad kommer i full drift fra 2015, vil forsyningssikkerheten i BKK-området med stor sannsynlighet være tilfredsstillende det neste tiåret, selv om Sima-Samnanger ikke er på plass fra 2012.”

Utval IV konkluderer slik:

”Situasjonen på kort sikt er ikke så alvorlig at det ikke er mulig å vente med den konsesjonsgitte linjen mellom Sima og Samnanger. Dermed er det relevant å diskutere alternative løsninger...”

”Problemet i dag er kapasiteten på linjene inn til Bergen og den konsesjonsgitte luftlinjen bidrar ikke her til økt effektkapasitet”

”Bergenssnittet får akseptabel forsyningssikkerhet først når planlagt linje Modalen – Mongstad – Kollsnes er ferdig i 2016”

Statnett har forkasta alternativet til jordkabling forbi Granvin som olje og energiministeren foreslo i sommar, og som formannskapet ba om å få utreda. Det gjer at me no berre står att med alternativet luftspenn over Granvinsfjorden dersom det ikkje blir sjøkabel. Dette luftspennet er på ingen måte akseptabelt for Granvin herad, mellom anna på grunn av beredskapssituasjonen.

Granvin herad har vist ansvar og vilje til å sjå om det var andre og betre løysingar eller trasear enn det som det allereie er gjeve konsesjon på. Det er det ikkje, kravet om sjøkabel er difor berre forsterka gjennom denne prosessen.

Granvin herad vil og minna om at Vestlandsfjordane vart kåra på topp over verdas reisemål både i 2004, 2006 og 2009, og at Fjord Noreg regionen har fått øvste plassering som "verdas mest avheldne ikon-reisemål". I rangeringane er det spesielt evna til å ta vare på den spektakulære og unike naturen, samt sikra eit levande fjordlandskap med busetnad og lokal kultur som blir framheva som dei viktigaste grunnar for sigeren. Naturen og kulturen i Hardanger er svært viktig for regionens vidare utviklingsmoglegheiter, og truleg den største bærebjelken for framtidig verdiskaping.

*Granvin herad meiner at alternativet med sjøkabel framleis er det beste, fordi det i størst grad tek i vare dei unike natur- og kulturverdiane som er i Hardanger. Eit luftspenn vil bandlegga den viktigaste ressursen for framtidig lokal verdiskaping i Granvin.*

Det vert i denne samanhengen kravd at dersom luftleidningar vert valgt, må det avsettast heilt andre summer for avbøting av skade på natur, miljø og næringsinteresser enn det som til no er gjort.

---

Postadresse:	Telefon:	Telefax:	Org.nr.:	Bankkontonr.:	Postgirokontonr.:
Postboks 40	56 52 40 00	56 52 40 01	844162502	6501 05 67305	0803 5786504
5733 GRANVIN					
e-post: <a href="mailto:postmottak@granvin.kommune.no">postmottak@granvin.kommune.no</a>					

Med helsing

*for* Rigmor B. Gåsøy  
Halvard Bjørge - sek. -  
konst. rådmann  
Direkte innval: 56524021

---

<b>Postadresse:</b>	<b>Telefon:</b>	<b>Telefax:</b>	<b>Org.nr.:</b>	<b>Bankkontonr.:</b>	<b>Postgirokontonr.:</b>
Postboks 40	56 52 40 00	56 52 40 01	844162502	6501 05 67305	0803 5786504
5733 GRANVIN					
e-post: <a href="mailto:postmottak@granvin.kommune.no">postmottak@granvin.kommune.no</a>					